



Olav Skår  
Ådlandsvegen 909  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/2714 - 16/3226

Saksbehandlar:  
Marius Flemmen Knudsen  
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:  
19.02.2016

## Spørsmål om landbruksveg gnr 38 bnr 2 Varneset på Rifsgård

Viser til dykkar brev dagsett 07.10.2015 der de spør om opprusting av ein eldre landbruksveg.

Meland kommune ved skog- og miljøkonsulent var på synfaring med dykk 03.11.2015 for å sjå på den aktuelle vegen. Basert på dykkar brev til kommunen med omtale av planlagt tiltak og utfyllande informasjon frå synfaringa, meiner kommunen at tiltaket er søknadspliktig etter forskrift om planlegging og bygging av landbruksvegar (landbruksvegforskrifta). Kommunen finner ikkje i vegarkivet at det skal vere søkt eller bygd ein landbruksveg i området. På synfaringa var det synleg at langs dyrka marka var det ein form for steinsett køyreforbetring men som var ein del av slåtteearealet. Vidare langs planlagt trase er det ikkje gjort tiltak som i gjerast ved bygging av veg. Men ein kan sjå at trasen har vorte brukt til køyring med traktor i landbrukssamanheng.

Meland kommune meiner at tiltaket som omtalt i brev og vist på synfaring vil verte søknadspliktig etter landbruksvegforskrifta § 2-1 då det vil verte ein ny veg så fremt vegen byggjast til landbruksføremål.

Ved søking om løyve til bygging av landbruksveg skal søknaden sendast til Meland kommune. Dersom de ynskje informasjon om søknadsprosessen eller om krav til søknad eller i søknadsskjema kan de kontakte skog- og miljøkonsulent Marius F. Knudsen.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**  
Olav Skår

Ådlandsvegen 909 5918

FREKHAUG

